



\* Medaljørane i KM senior individuelt. F.h: Bronsevinnar Anja Grønnevik Kirketeig med Aruba (Volda rideklubb), sølvvinnar Liv Jorunn Nyhagen med Atlas Stengaard (Volda rideklubb) og gullvinnar Camilla Therese Tafjord med Østrupsgårds Ram-Å-Jean (Nordvest Hestesportsklubb). (Foto: Evelyn Brunvoll)



\* Ung veteran: Trass sin unge alder har Isabell Aambø (13) delteke i ridesporten i åtte år, og ho ønskjer å halde fram når ho vert eldre.



\* Nøgd med gjennomføringa: Stemneleiar Linn Wangen Mork var godt nøgd med gjennomføringa av Krinsmeisterskapen i dressurriding.

## Vellukka KM Volda lagkonku

**Volda rideklubb vann lagkonkurransen under Krinsmeisterskapen i dressurriding, som vart arrangert på Rotevatn i helga. Klubben gjorde det også godt i den individuelle konkurransen.**

Heile fylket, inkludert Nordfjord, var representert. 30 påmelde ekvipasjar deltok, og ryttarane var i alderen 12–50. Der var klasser der alle konkurrerte mot kvarandre, men også aldersbestemte klasser for ponniryttrar, unge ryttarar og vaksne.

### Sterkt av arrangørklubben

Arrangørklubben stilte med sju ekvipasjar i ulike klasser. Laurdag vart det konkurrert i lagklasser og 1. avdeling individuelt, og søndag var det klart for 2. avdeling og finale i den individuelle konkurransen. Volda vann lagkonkurransen med dei tre ryttarane Anja Grønnevik Kirketeig, Hanne Brunvoll og Ida Kristine Standal Eikrem. Individuelt vart det sølv til Liv Jorunn Nyhagen og bronse til Anja Grønnevik Kirketeig i seniorklassen.

Stemneleiar Linn Wangen Mork var også særst nøgd med innsatsen til Volda-ryttarane i Karin Hurlen Vatnehol, Anna Mork (16), og Isabell Aambø (13) i dei opne klassene på stemnet.

### Enorm dugnadsinnsats

Eldsjelene i Volda rideklubb let seg ikkje stoppe av lite anlegg og få ressursar. Med ein enorm dugnadsinnsats frå medlemmane i klubben og frivillige i distriktet kunne stemneleiar konstatere at arrangementet hadde vore ein suksess.

– Det er mykje som skal førebuast framfor ein slik konkurranse. Gjerde skal setjast opp, det skal pyntast med blomar, teknisk personell må vere på plass og vi må rekvirere stallplass, fortel Wangen Mork.

### Positiv tilbakemelding

Rideklubben hadde annonsert Krinsmeisterskapen gjennom Facebook, i lokalavisene og offisielle kanalar for ridesporten.

– Responsen var veldig bra, og vi er svært godt nøgde med publikumstalet. Laurdag var her over 100 tilskodarar, tribunen var fullsett og salet i kiosken var veldig bra. I det heile teke gjekk alt veldig bra, og vi har ingen ting å sette fingeren på i ettertid. Vi fekk mange positive tilbakemeldingar frå deltakarane, slår Wangen Mork fast.

### Vêrgudane smilte

Med sol på laurdagen og opplett søndag gjekk gjennomføringa knirkefritt, men Volda rideklubb har planar om å bygge ny ridehall og stall.

– Dette er førebels på planleg-